

PIN får 1,4 millioner

Perler i Nordsjøløypa har fått ei løyving på 1,4 millionar kroner frå Riksantikvaren. Prosjektperioden for PIN blir avslutta i 2010. Det blir no arbeid med å sikre forretningsplan for deltakande verksemder, og samanknytning av delprosjekt. 400 000 av midlane er øymerkt tilknytninga mellom PIN og reiselivsprosjektet i regionen. PIN er med i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram, til liks med for eksempel Odda og Nærøyfjorden.

400.000 til Luftskipet

Kulturrådet har løyvd 400 000 kroner til det vidare arbeidet med Luftskipet. Det omreisande signalbygget blir ein merkevare for heile regionen. Kulturrådet innleier si omtale av Luftskipet på heimesida si slik: Et oppblåsbart, omreisende luftskip skal spre kunst og kultur i øykomunene vest for Bergen. (13.11.09)

I Øygarden utenfor Bergen settes honnørord som stedsutvikling og nyskaping ut i praksis. Etter flere års arbeid og forsinkelser skal signalbygget Luftskipet etter planen stå ferdig våren 2010.

Resten av artikkelen kan du lese på

http://kulturradet.no/fagomrader/rom_for_kunst/hoytsvevende-kultur/Luftskipet si nettside: <http://www.luftskipet.net/>

Universitetet kjem til regionen

Samarbeidet med Universitetet i Bergen, som blei starta opp med Akselerasjonskonferansen på Liaskjæret 10.november, blir vidareført med konkrete tiltak. Partane arbeider no med å kople industri og institutt, for å få i gong studentarbeid, kompetanseutvikling og forskningsoppdrag. Ei skisse av program for framdrift i desse tiltaka blei lagt fram på Vest Næringsråd sitt treff 1.desember, og blir no drøfta med bedrifter og einingar som er involverte. Det er aktuelt straks å gå vidare med:

- Studentospitering på bachelornivå. Bedrifter i regionen blir inviterte til å vere med i neste utplassering frå pilotprosjektet på Sampol, og til å vere verftsbedrifter for ordninga når den blir spreidd til alle fakultet.
- Masterarbeid. Her vil vi arbeide med å identifisere behov og ønskje frå industrien, og så knyte kontakt med aktuelle institutt.
- Kontakt med forskningsgrupper på felt som kan vere viktige for samfunns- og byutvikling. Første steg her vil vere eit program i Øygarden, og eit prosjekt knytta til utbygging på Straume
- Kompetanseforum. UiB kan gå inn saman med grupper av bedrifter og vere med i kursing, utdanning og kompetanseheving på tematiserte felt, med langsiktig perspektiv.

Det er i gong eit Kysteventyr

Reiselivet i regionen organiserer og samordnar seg, i regi av Gode Sirkclar. Felles lansering av reisemålet Kysteventyret er nær foreståande, med nettportal som første og viktigaste satsing. Mange av reiselivsbedriftene i regionen har meldt seg til selskapet Kysteventyret, og blir synlege i nettportalen frå starten av. Regionen sin eigen nettportal skal vere lansert til reiselivsmessa i Bergen 22.januar.

Du kan få eit inntrykk av korleis navigering og oppbygging på sidene blir ved å sjå på Voss sine sider i Fjordnorwayportalen:

<http://www.visitvoss.no/no/>

Sjølvs om mange er med, er det eit stykke igjen til alle hundre tilbydarane i marknaden deltar.

L2L utvidar

Opplæringskontoret Live2Learn, L2L, har stor aktivitet. Frå hausten tar kontoret ansvar for 25 nye lærlingar. L2L vil då ha 53 lærlingar fordelt på 13 bedrifter i regionen. Det kan óg bli aktuelt å utvide talet på bedrifter. Det er fagområda innanfor Teknisk og Industriell Produksjon, TIP, som er arbeidsområdet til regionen sitt eige opplæringskontor. I tillegg kjem logistikkfaget, som hentar kandidatar for service- og samferdsle. Til no har Grethe Bjørøy drive L2L åleine. Med så stort tal lærlingar og så stor aktivitet som det no blir, er det trong for meir arbeidskraft. Svanhild Hausberg er tilsett i 50% stilling i L2L frå årsskiftet. Hausberg har røynsle mellom anna frå Aker Subsea, og vil vere med i det direkte arbeidet med lærlingane. Med at kontoret ikkje berre har ein tilsett, blir organisasjonen også både meir fleksibel og mindre sårbar.

L2L si eiga heimeside finn du her: <http://www.l2l.no/>



Guideserviceboka 'Vandring i Vest, Vegvisar til Sotra og Øygarden' lansert

Ein serie artiklar gir oversyn og innsyn i regionen - natur og kultur, historie og notid. Boka blir eit viktig kjeldeskrift både for utviklinga av Guideservice, PIN og reiselivsprosjektet. Artiklane i boka er skrivne originalt av fagfolk på ei rekke felt - frå geologi og fugleliv, til historiske og kulturelle tema. Her er óg med faktaorienterte kapitlar, som oversyn over kommunane, overnatting og turløyper. Eit eige utbrettskart avsluttar boka.

Margrethe Kallestad frå Nordsjøfartmuseet har leia redaksjonen, og presenterte boka på ei tilstelling 3.desember. Mange av bidragsytarane var samla, og kunne bli i det ferdige produktet for første gong. Guidekurset som startar 10. februar har dermed fått sitt pensum, og regionen har fått på plass eit viktig kjeldeskrift. Ei utgåve av boka kan kome i regulært sal seinare.

Energibruk i skolebygg

Både Sund, Fjell og Øygarden arbeider med energiplanar. Som ledd i dette arbeidet vil Gode Sirkclar setje i verk ei kartlegging og vurdering av energibruken i skolebygg.